



RIKSARKIVAREN

ÅRSMELDNING *for* ARKIVVERKET

2008




3

Stockholm: Juni 1839

A. B. Ödqvist

Verket för
C. K. Ödqvist
Mauritz Wergeland



Det alminnelege vartinget for Opdal skipreide i Sunnhordland vart halde på Beltestad 26. mars 1664. På tinget vart det publisert eit kongeleg skattebrev og både Ludvig Rosenkrantz og lagmann Hans Hansen let tinglyse skøyter. Original i Statsarkivet i Bergen (Sunnhordland sorenskriverembete I.A. 11, tingbok 1664, fol. 16b).


Riksarkivarens forord

I 2008 har det vore ei viktig oppgåve for Arkivverket å koma i mål med dei mange endringsprosessane som vart starta opp i 2007, og iverksetja dei organisatoriske tiltaka som vart vedtekne. Riksarkivet fekk ny avdelingsstruktur frå 1. mars, og etatsfunksjonane i Arkivverket har fått ei meir systematisk form. Dessutan har vi gjennomført ei styrking av administrative funksjonar både innan økonomi- og personalforvaltning. Nye strukturar og system krev både tilvenning og tilpassing. Dette har naturleg nok sett sitt preg på verksemda i 2008.

Formidling og brukarorienterte tiltak har hatt ein sentral plass i aktivitetane. Arrangement, omvisingar og undervisningopplegg har samla i alt 4000 deltakarar gjennom året, og vi har presentert ei rad utstillingar, både i egne lokale og på nettet. Eit sentralt element i dette har vore 200-årsjubileet for Henrik Wergeland, vår første riksarkivar. Saman med Nasjonalbiblioteket og Eidsvoll 1814 fekk Riksarkivaren i oppdrag å gjennomføra den nasjonale markeringa. I tillegg hadde Riksarkivet sine egne arrangement under vignetten "Vår Wergeland – patriot, bråkmarkar og menneskeven." Arrangementa hadde stor tematisk spennvidde og samla svært mange deltakarar.

Den digitale utfordringa får stadig større innverknad på oppgåveløysinga i Arkivverket. Vi skal utnytta det store potensialet som ligg i å gjera både katalogar og arkivmateriale tilgjengeleg i digital form på nettet. Arenaen for arkivbruk skal flyttast ut frå lesesalane og inn på pc-ane i kontor og private stover. Dessutan skal vi ta imot dei arkiva som vert skapte i digital form hos statsforvaltninga og ein del private verksemdar. Dette materialet skal takast vare på for ettertida, og også dette skal gjerast tilgjengeleg på den nye digitale arenaen for arkivbruk.

I 2008 vart store delar av tinglysingsmaterialet frå tida før 1936 digitalisert og lagt ut på nettet, dvs. panteregister og pantebøker. Dette er eit stort prosjekt som vil bli fullført i 2009/2010, og som radikalt vil endra bruksvilkåra for ei av våre store brukargrupper. Dessutan har vi fullført transkriberinga av folketellinga for 1910. Denne kan vi ikkje leggja ut enno pga. skjermingskrava i statistikklova. Men frå 1. desember 2010 – hundre år etter at teljinga blei gjennomført – vil ho vera tilgjengeleg i søkbar form på digitalarkivet.no. Dette vil vera ein milepel for tilgangen til slikt




materiale både for slektsgranskarar, bygdebokforfattarar og dei historiske forskningsmiljøa.


Standardisering har gjennom mange år vore eit viktig virkemiddel for å få kontroll over det digitalt skapte materialet i den offentlege forvaltninga. Den femte utgåva av Noark-standarden, Noark 5, blei lagt ut på Arkivverkets nettsider i juli. Med denne har vi fått ein samla standard for elektronisk arkivdanning i Norge. Standarden skal bidra til at digital dokumentasjon vert fanga opp og lagra i tråd med arkivfaglege krav i dei elektroniske systema, og han skal leggja til rette for framtidig bevaring av den digitale dokumentasjonen både på kort og lang sikt. Noark 5 er derfor svært viktig for bevaring av den digitale kulturarven for ettertida.

Når arkivmateriale i aukande grad blir tilgjengeleg på nettet, blir det færre gjester på lesesalane. Men etterspurnaden etter arkivsaker på papir har ikkje gått ned. Og talet på skriftlege førespurnader om arkivsaker har heller gått opp dei siste åra. Dette gjeld særleg spørsmål knytta til rettsleg dokumentasjon og velferdssaker.

Samstundes arbeider Arkivverket med å utvikla nye brukartenester på nettet for å handtera spørsmål knytta til det materialet som er lagt ut. Det kan vera mange utfordringar for nettbrukarene både når det gjeld å finna fram i eit til dels komplisert materiale, og når det gjeld å lesa og forstå innhaldet i gamle kjelder skrivne med gotisk handskrift. Både brukarfora og svartenester på nettet er viktige virkemiddel i ein slik brukarstøttefunksjon.

Den teknologiske utviklinga stiller nye krav og kallar på nye tenester. Samstundes skal Arkivverket oppretthalda dei tradisjonelle tenestene for viktige formål som ikkje blir redusert i omfang. Arkivfunksjonen i samfunnet er difor inne i ein omfattande og langvarig omstillingsprosess der ein må balansera mellom nyorientering og kontinuitet, og der evnen til prioritering blir sett på prøve. Store utfordringar gjer arkiv til eit spanande arbeidsfelt både for leiarar og faglege medarbeidarar!





Arkivverket

Arkivverket skal sørge for at arkiv som har vesentleg kulturell eller forskingsmessig verdi, eller som tar vare på administrative, rettslege eller velferdsmessige dokumentasjonsbehov, vert tatt vare på og gjort tilgjengeleg for bruk. Vi skal bidra til å skape forståing og medvit om arkiva sin samfunnsmessige betydning.

Arkivverket består av Riksarkivet, åtte statsarkiv og Samisk arkiv.

Dei viktigaste oppgåvene til Arkivverket er

- å ta vare på arkivsaker frå statlege verksemder
- å gjera materialet tilgjengeleg for bruk
- å føra tilsyn med arkivarbeidet i staten, fylkeskommunane og kommunane
- å bidra til bevaring av privatarkiv

Riksarkivet og statsarkiva er både forvaltningsorgan og vitskapleg baserte kulturverninstitusjonar.

Riksarkivet har ansvaret for arkiva etter sentraladministrasjonen og andre landsomfattande statlege institusjonar, mens statsarkiva har ansvaret for arkiva etter lokale og regionale statlege institusjonar. Samisk arkiv har spesielt ansvar for samiske privatarkiv, og depotansvar for Kautokeino kommunes historiske arkiv. Det er statsarkiv i Oslo, Hamar, Kongsberg, Kristiansand, Stavanger, Bergen, Trondheim og Tromsø. Samisk arkiv ligg i Kautokeino.

Både Riksarkivet og statsarkiva tar vare på mange private arkiv - etter bedrifter, organisasjonar og enkeltpersonar. Kommunar og fylkeskommunar tar vare på arkiva sine sjølve.

Arkivverket sitt arbeid er forankra i lov av 4.12.1992 nr. 126 om arkiv. Lova med forskrifter trådte i kraft i 1999.

Magasin og bestand

Arkiv som er tenkt å skulle bevarast til evig tid må plasserast i spesialtilpassa, sikra arkivmagasin spesielt lagt til rette for ulike medium og formater, anten det er på papir, foto, lyd, film eller data. Ei viktig oppgåve for etaten er å ha tilstrekkeleg magasinkapasitet til å ta imot arkivmateriale når det har gått ut av administrativ bruk.

Arkiv vert avlevert først når dei er omkring 25-30 år gamle og det ikkje lengre er behov for dei i den daglege saksbehandlinga. I 2008 avleverte statsforvaltninga nærare 4 000 hyllemeter papirarkiv. Det er ein nedgang på 19 % frå 2007. Hovudårsaka er at verken Riksarkivet, Statsarkivet i Oslo eller Statsarkivet i Bergen kan ta imot nytt materiale før nye magasin kan





Arkivmateriale er unikt og finns berre i eit eksemplar. Digitalisering må difor gjerast med stor varsemd. Her skannar Kristian Hunskaar ei kyrkjebok. Foto: Odd Amundsen.

takast i bruk. Utrekningar basert på ei kartlegging etaten har gjennomført, viser at statsforvaltninga har over 72 000 hyllemeter papirarkiv som er klare for avlevering. I tillegg finns det store mengder papirarkiv som framleis er i dagleg bruk i forvaltninga og hos private arkivskaparar. Desse skal avleverast til Riksarkivet eller eit statsarkiv på eit seinare tidspunkt. Kartlegginga stadfestar at sjølv om stadig fleire arkivskaparar går over til elektronisk arkivering, er behovet for utbygging av nye magasin stort. I 2008 hadde Arkiverket ein samla magasinkapasitet på 255 000 hyllemeter papirarkiv. Berre 10 % var ledig, 8 % var utleidd. Bestanden av papirarkiv var på 209 340 hyllemeter. Av dette kom 184 386 hyllemeter frå statlig forvaltning, mens 24 954 hyllemeter var privatarkiv. Tilveksten av privatarkiv var 817 hyllemeter i 2008.

Må framleis byggja ut

Etaten arbeider for ein planmessig utbygging av magasinkapasiteten slik at vi fortløpande er i stand til å ta imot bevaringsverdige arkiv som ikkje lengre er i bruk. Når 90 % av plassen er disponert, kan vi ikkje lenger dekkja behovet forvaltninga har for å avlevera sine arkiv. Plassbehovet i Oslo-regionen vert løyst ved at nye magasin for Riksarkivet og Statsarkivet i Oslo vert tatt i bruk våren 2009.

Behovet for utbygging er stort fleire andre stader. Først i køen av utbyggingssaker står Statsarkivet i Bergen. Planlegginga er i gang også i statsarkiva i Kristiansand, Hamar, Stavanger og Kongsberg.

Digitalt sikringsmagasin

Utbygging av kapasiteten i det digitale sikringsmagasinet har vore prioritert dei siste par åra. I løpet av året har etaten utforma planer for oppbygging og innføring av eit nytt elektronisk magasin for heile Arkivverket. Lagringsystemet og prosedyrar og rutinar knytt til dette magasinet skal sikre at det digitale materialet er autentisk og mogleg å lesa i framtida. Det skal beskytta magasinet mot alle former for uautorisert endring, og hindre uautorisert tilgang. Utforminga av slike prosedyrar og rutinar skal koma på plass i 2009.

Behovet for digital lagringskapasitet er stort på grunn av satsinga på digitalisering av arkivmaterialet. Avlevering av digitalt skapt materiale krev også auka digital lagringskapasitet. Kapasiteten vart utvida med 31 terabyte (TB) i 2008. Total kapasitet er no 65 TB. Lagringsløysinga er fleksibel og mogleg å skalera. Framover er det venta ei betydeleg auke i behovet for kapasitet i etaten sitt digitale magasin.

I perioden 1985-2008 har Arkivverket tatt imot 688 arkivuttrekk frå elektroniske journalar og fagsystem. Av desse var 478 godkjent ved utgangen av 2008.

Det er registrert 136 IT-system i statsforvaltninga der tida er inne for deponering av arkivuttrekk.

Alltid tilgjengeleg

Det er eit mål at brukarane våre skal finna fram til det arkivmaterialet vedkommande er interessert i, utan omsyn til kvar materialet vert oppbevart. Hjelpemiddelet er digitale katalogar som er tilgjengeleg på kontoret, på lesesalen eller heime i stova. For Arkivverket er det også ei viktig satsing å gjera sjølve arkivmaterialet lettare tilgjengeleg gjennom digitalisering for utlegging på Internett.

Ved utgangen av 2008 var 135 883 hyllemeter av etatens arkivmateriale registrert i elektroniske katalogsystem, i all hovudsak Asta. Asta er eit felles system fleire institusjonar nyttar for å registrera og halde oversikt over arkivmaterialet dei oppbevarer. Stiftelsen Asta har ansvar for vidareutvikling av systemet i samarbeid med Arkivverket, Landslaget for lokal- og privatarkiv og ABM-utvikling. Ein ny versjon, Asta 5, vart tatt i bruk av Riksarkivet og Statsarkivet i Oslo i 2007. Dei andre statsarkiva tok i bruk den nye versjonen i 2008.

Arkivmateriale registrert i Asta tilsvarer 65 % av bestanden. 28 % er berre tilgjengeleg som papirkatalogar på dei enkelte institusjonane sine lesesalar. Uordna arkivmateriale er ikkje registrert i katalogform og er i praksis heilt utilgjengeleg. Det uordna arkivmaterialet utgjer noko over 15 400 hyllemeter, eller 7 % av bestanden.

Digitale katalogar på Internett

Felleskatalogen er den eksterne digitale katalogen til Arkivverket, og er hovudsatsinga vår i arbeidet med å gje publikum informasjon om kva arkiva inneheldt. Felleskatalogen er tilgjengeleg for brukarane frå nettsidene våre. Informasjonen i katalogen er utdrag frå etaten sin Asta-base. Riksarkivaren utviklar og heldt ved like den nasjonale Samkatalogen for privatarkiv. Samkatalogen gjev opplysningar om innhaldet i privatarkiv på serienivå, og inneheldt no utdrag frå 54 depotinstitusjonar sine Asta-basar. Det er ei auke på fem institusjonar. I 2008 vart det gjort 600 000 oppslag i desse to katalogane.

Etter planen skal kataloginformasjon for alt arkivmateriale i norske institusjonar som bruker Asta samlast i ein felles portal, Arkivportalen. Arkivverket deltok i utarbeidinga av kravspesifikasjonen for denne i 2008. Portalen skal lanserast for brukarane i løpet av 2. halvår 2009.

Tilgang til digitalisert arkivmateriale

Tilgangen til digitalisert arkivmateriale som brukaren kan søkja eller bla i auka i 2008.

Arkivmateriale som er mykje i bruk, vert skanna og gjort tilgjengeleg på Arkivverket sin

kjeldenettstad, digitalarkivet.no. Til saman 7,6 millionar sider vart skanna i løpet av året. Det er hovudsakleg tinglyste eigedomsdokument og kyrkjebøker som er gjort tilgjengeleg. Eit prosjekt støtta av Høykomprogrammet under Noregs forskingsråd har gjort dette mogleg. Prosjektet starta i 2007.

Arkivverket sine to registreringseiningar, i Voss og Stavanger, transkriberer kjelder. Transkriberte kjelder er moglege å søkja i ned til den enkelte posten. I 2008 vart folketeljinga frå 1910 på det næraste ferdig og klar for utlegging i digitalarkivet.no. Folketeljinga vert lagt ut når klausuleringa vert oppheva i 2010. Registreringa av byteljinga frå 1885 har starta opp. Arkivverket samarbeider med Registreringsentralen for historiske data ved Universitetet i Tromsø om transkribering av folketeljingar. Også privatpersonar og foreiningar kan leggja ut transkribert arkivmateriale i Digitalpensjonatet. Kvar person eller foreining har eit "rom" i pensjonatet. Det er 195 slike, og 22 av desse vart oppretta i 2008.

Nettutstillingar som viser spesielt utvalde kjelder er ein annan form for tilgjengelegging. Utstillingane er tilgjengelege via etaten sine nettsider, www.arkivverket.no.



Tinglysmateriale i magasinet. Dette vart digitalisert i 2008.
Foto: Odd Amundsen.

Dei dekkjer etter kvart eit stort mangfald av tema. I 2008 produserte Arkivverket fleire nettutstillingar, særleg knytt til Wergeland-jubileet og Mangfaldsåret. Til det sist nemnte høyrer ei nettutstilling om Kautokeino-opprøret i 1852. Ei nettutstilling som viste dokument frå Statspolitiet sitt arkiv om Max Manus fekk god respons. Arkivverket medverka også til jubileumsnettstaden www.wergeland2008.no.

Den digitale utfordringa

I forvaltninga i dag er saksbehandlinga digital, og dokumenta er digitalt skapte under saksbehandlinga. Utfordringa vår er å bevare desse dokumenta like godt og med same tidshorisont som bevaringsverdige papirarkiv. Arkivlova er fundamentet, Noark-standarden er det sentrale verktøyet. Utviklinga av Noark 5 i 2008 gjev oss eit verktøy tilpassa situasjonen i dag.

Mens det kan vera mogleg å lesa papirdokumenta etter tusen år, risikerer vi at viktige dokument som vert lagra i dag er øydelagde etter kort tid. Med den nye arkivstandarden Noark 5 vil arkivstyremakta i Noreg sikra at ikkje berre papirarkiva, men også offentleg elektronisk arkivmateriale vert haldne intakt som dokumentasjon for utsette parter i vår tid og for forskarar og historikarar i all framtid. Standarden tryggjer digitalt skapt materiale, både vanlige saksbehandlingssystem og fagsystem. Alle offentlege organ er pålagde å arkivera dokumenta sine i eit av dei få godkjente dokumentformata, saman med opplysningar om samanhengen dokumentet inngår i. Det skal gå tydeleg fram kven som har skrive dokumentet, kva det handlar om og om det svarer på eit anna dokument. Standarden bestemmer også korleis opplysningar og dokument i eit datasystem skal kunne transporterast over til stadig nye system så lenge verksemda sjølv har ansvaret for det, utan at innhaldet går tapt, kan manipulerast eller gjerast ringare i kvalitet.

Til gjengjeld tar Riksarkivaren på seg å fortsetja tilpassinga av dokumenta til stadig ny teknologi etter at dei er avlevert til Riksarkivet eller eit statsarkiv. Riksarkivaren vil også sikra at innhaldet i dokumentet er det same heile tida, slik at vi kan ha tillit til informasjonen i all framtid.

Arkivverket tar imot uttrekk frå forvaltninga sine fagsystem. Før arkivskaparane kan levera desse til etaten, må vi testa om dei tilfredsstilljer Noark-standarden. I 2008 vart eit nytt verktøy for dette formålet ferdig. Det same verktøyet skal vidareutviklast slik at det kan handtera uttrekk i XML-format, som Noark 5-baserte system. For statleg sektor er det mottatt 120 arkivuttrekk i 2008. Av desse er 16 uttrekk godkjent, 79 er framleis under testing og 25 uttrekk låg ved årsskiftet på vent. Reelt er det altså gjennomført 16 deponeringar frå statleg sektor i 2008. Resultata er noko lågare enn i 2007. Årsaka er færre mottatte Noark-4 uttrekk, og at vi har prioritert utvikling av testesystemet i tillegg til problem med testevertøyet.

Kassasjon er naudsynt

Ikkje alt arkivmateriale skal bevarast. Bevarings- og kassasjonsvurderingar for papirmateriale og for digitalt skapt materiale vert gjerne sett i ein samanheng. Riksarkivaren fatta 26 bevarings- og kassasjonsvedtak for papirbasert og digitalt skapt arkivmateriale i 2008. Hovudutfordringa i dette arbeidet er å få offentleg forvaltning til å setja av tilstrekkelege ressursar til å utarbeida forslag til kassasjonsregler for fagsakene sine.

Bevarings- og kassasjonsvedtaket for Patentstyret fører til at i underkant av 50 % av 4000 hyllemeter vert kassert. Kassasjonsprosenten er høgare enn tidligare praksis. Den sterke veksten av papirarkiv i slutten av 1900-tallet gjer at ei avgjerd om bevaring og kassasjon må fattast på bakgrunn av både faglege og økonomiske vurderingar. Også for Norad, Post- og teletilsynet, Helsedirektoratet og Skatteetaten fatta Riksarkivaren viktige vedtak for papirarkiv. Statsskog vart også vurdert; Riksarkivaren avgjorde at dette statsforetaket skal fortsetja å følgja reglene om offentlege arkiv. Dei får fagleg rettleiing frå oss og magasinplass i Arkivverket sine depot.

Bevarings- og kassasjonsvurdering er gjort for alle elektroniske fagsystem i Statens landbruksforvaltning. For Statens pensjonskasse har Riksarkivaren vedtatt at dei kan kassera spesifikke fagsystem når dei ikkje lenger har behov for dei. For nokre store fagsystem hos Statens vegvesen har Riksarkivaren fatta vedtak om bevaring.



Originalskøyta der lagmann Henrich Coch 20. januar 1692 skøytt over grunnen sin med brannfri kjellar, på øvre sida av gata på Stranden, til Peder Pedersen og kona hans. Original i Statsarkivet i Bergen, Dokumentsamlinga.

Heilskapleg samfunnsdokumentasjon

Arkivverket skal bidra til heilskapleg samfunnsdokumentasjon. Dette har som føresetnad at tiltak vert sett inn både overfor private og kommunale arkiv. Etaten må stimulera til bevaring av privatarkiv, styrkja arkivsituasjonen i kommunal- og fylkeskommunal forvaltning og støtta etablering av arkivsentra og interkommunale arkivordningar.

Private arkivskaparar vender seg til etaten for å få rettleiing i bevaring av privatarkiv. Dette skjer både ved telefonkontakt, besøk og møter. Synfaring er knytt til avlevering av arkivmateriale, men også i den samanhengen får arkivskaparen rettleiing. Talet på synfaringar i 2008 var 140, og i alt 705 førespurnader vart svart på.

I samarbeid med ABM-utvikling deltar Arkivverket i eit prosjekt som har som målsetjing å gje høgare kvalitet på arkivarbeidet i museum som bevarer privatarkiv. Riksarkivet deltar i prosjektgruppa og i referansegruppa. Riksarkivet er også representert i arbeidsutvalet for nasjonal bevaringsplan for foto.

Den nasjonale koordineringa av privatarkivarbeidet skjer i eit nettverk av institusjonar i kvart fylke. Sju av statsarkiva fungerer som fylkeskoordinerande institusjonar for eit eller fleire fylker. Ein felles konferanse for dei fylkeskoordinerande institusjonane vart halde i 2008.

Interkommunalt samarbeid på arkivområdet

Riksarkivarens langsiktige strategi er å dekkja heile landet med interkommunale institusjonar, IKA-er. Rundt 65 % av landets 433 kommunar deltar i interkommunale arkivordningar som no fins i 15 av dei 19 fylka i landet. Dette samarbeidet inneber anten konsulenthjelp, fysiske depotordningar eller begge deler. Fleire av dei store byane har oppretta eigne byarkiv med tilsvarande oppgåver. Fleire statsarkiv gjennomførde omfattande aktivitetar for å etablere arkivsentra og interkommunale arkivordningar i 2008. Tilboda er betra i Akershus, Oppland, Troms og Finnmark. Statsarkiva i Kristiansand, Stavanger, Bergen, Trondheim og Tromsø er lokaliserte saman med interkommunale arkivordningar og heldt fortløpande kontakt.

Å møta brukaren

Tilsette i Arkivverket møter brukaren kvar einaste arbeidsdag, og alle som kjem med personlege førespurnader til etaten får individuell behandling. Vi arbeider også aktivt for å gjera nye grupper kjend med arkiva og kva slags forteljingar dei inneheldt – anten dei skal dokumentera rettar, bruka kjeldene til vitskaplege studiar eller til kulturopplevingar.



Trengsel i Wergelandsalen i Riksarkivet under Wergelandarrangementa. Foto: Runhild Seim.

Arrangement, omvisningar og undervisningsopplegg samla i alt 4000 deltakarar i Arkivverket i løpet av 2008. Talet på utstillingar i eigne lokale var 43. Saman med Nasjonalbiblioteket og Eidsvoll 1814 hadde Riksarkivet i oppdrag å gjennomføra den nasjonale markeringa av 200-årsjubileet for Henrik Wergelands fødsel. Riksarkivet sto for fire arrangement våren 2008. Desse var bygd kring utstillinga *Vår Wergeland - patriot, bråkmakar og menneskeven*. i Skattkammeret, utstillingslokalet i riksarkivbygningen. Kulturminister Trond Giske opna det første arrangementet, *Vår Wergeland*. I mars var religionsdialog tema i *Menneskevenen Wergeland*, i april *Bråkmakaren Wergeland*. *Patrioten Wergeland* sto på programmet i mai. Då vart også tidligare riksarkivar John Herstad si bok om Henrik Wergeland som riksarkivar, *Archivaren - Gud bevar'en!* lansert. Arrangementa var svært godt besøkt.

Riksarkivaren Henrik Wergeland vart markert i eit samarbeid med Akershus slott. Riksarkivet overtok Wergeland sitt kontor og magasin i det gamle Riksarkivet på Akershus. Der fekk publikum omvisning og fekk høyra om korleis tilstanden hadde vore på riksarkivar Henrik Wergeland si tid. Omvisningane var godt besøkt.

Aktivitatar og arkiv landet rundt

Tilgjengelege arkiv i Riksarkivet

Arkivbestanden i Riksarkivet auka i 2008, og mange nye arkiv vart tilgjengelege for brukarane. Blant desse var:

- 4 store arkiv frå Norges Statsbaner
- 28 små og mellomstore arkiv frå Forsvaret
- Norsk Rikskringkasting, Sentralarkivet
- Statens bygge- og eigedomsdirektorat
- Indredepartementet, Handels- og konsulatkontoret
- Politiets overvakingsteneste
- Norges Kvinne- og Familieforbund
- Helge Seip
- Redningsselskapet
- Nynorsk salmebok

Privatskulearkiv til Statsarkivet i Oslo

John Bauer Oslo AS vart oppretta som privat vidaregåande skule i juni 2005. Tre år seinare gjekk skulen konkurs. Bustyrar bad Statsarkivet i Oslo om å ta hand om skulearkivet, som er på rundt seks hyllemeter elevdata. Arkivet kom i hus i august 2008, og Statsarkivet har sidan vore i stand til å hjelpe ei lang rekkje tidligare elevar med å dokumentera skulegangen sin. Avleveringa, som først var ei naudløysning, er no vorte permanent.

Redusert etterslep i Statsarkivet i Kongsberg

Statsarkivet i Kongsberg har i 2008 satsa mykje på å klargjera etterslep av tidligare avlevert materiale. Heile 1060 hyllemeter fordelt på ei lang rekkje arkiv er ferdig ordna og katalogisert i ASTA. På privatarkivområdet har vi arbeidd med eit prosjekt for å sikra innvandrararkiv i Buskerud.

Statsarkivet har arbeidd mykje med formidling. Mange nye nettutstillingar vart produsert, og statsarkivet har samarbeidd med www.historieboka.no som vert drifta av Buskerud fylkeskommune. I tillegg har vi utarbeidd eit omfattande undervisningsopplegg for 9. klassetrinn i grunnskulen. Dette opplegget skal knyttes opp mot Den kulturelle skulesekken.

Utgreiingsarbeid i Statsarkivet i Hamar

Statsarkivet i Hamar brukte mykje tid på utgreingar i 2008. Det er utarbeidd ein plan for privatarkivarbeidet i Oppland fylke og eit forslag til ein ABM-plan for Hedmark fylke. Statsarkivet har dessutan arbeidd ein god del med etableringa av et IKA Øst og med planane for eit nytt bygg for Statsarkivet i Hamar. Det har også deltatt i utarbeidinga av eit høgskuletilbod i arkivfag ved Høgskulane i Lillehammer og Gjøvik.

Eit svært viktig formidlingstiltak var tilgjengeleggjeringa av tinglysingsmaterialet før 1935 for Hedmark og Oppland på Digitalarkivet. Dette tiltaket er vorte svært godt mottatt av brukarane.

I 2008 mottok statsarkivet det store elektroniske fagsystemet AA-registret frå NAV. Fagsystemet som var på heile 3,5 GB vart kontrollert og godkjent. Då Hadeland og Land sorenskrivarembete vart nedlagt hausten 2008, mottok statsarkivet, etter avtale med Riksarkivaren, heile det gamle sorenskrivararkivet, det vil seia alt bevaringsverdig materiale før år 2000.

Det vart også vedtatt å leiga fleire magasinlokale frå 2009 då det nesten ikkje er meir ledig hylleplass. Ein skannar vart kjøpt inn slik at statsarkivet kan skanna seriar med arkivmateriale og leggja dette ut på Digitalarkivet.

Katalogisering i Asta prioritert av Statsarkivet i Kristiansand

Statsarkivet i Kristiansand prioriterte i 2008 å katalogisera eldre papirkatalogar i Asta og indeksere alle panteregistra og pantebøker som var lagt ut på Internett. 693 hyllemeter arkivmateriale fekk Asta-katalog i 2008. Alle panteregistra og pantebøkene våre var ferdig indeksert i slutninga av året.

Statsarkivet i Kristiansand deltar i eit tverrfagleg samarbeid om industridokumentasjon i Vest-Agder. Dette resulterte blant anna i avlevering av 10 hyllemeter verdifullt arkivmateriale frå Christianssands Møller, byens eldste industribedrift, som vart nedlagt ved 2008. Statsarkivet i Kristiansand har i samarbeid med andre ABM-institusjonar i Vest-Agder starta opp eit arbeid med å digitalisera fotografi. I 2008 vart det skanna meir enn 1200 fotografi frå Statsarkivet sitt arkivmateriale. 230 av desse er lagt ut på ein felles nettstad.

Då det ved Statsarkivet i Kristiansand finns god konserveringsfagleg kompetanse, vart det i 2008 sett i gong restaurering av ei brannskadd pantebok. Protokollen vart øydelagd ved bybrannen i Kristiansand i 1892 og har sidan vore heilt utilgjengeleg. Deler av protokollen er no restaurert slik at den kan visast fram. Samtidig vart protokollen skanna slik at innhaldet kan bli tilgjengeleg på Internett. Statsarkivet har som mål at alle dei 6 pantebøkene som vart øydelagd ved bybrannen i 1892, skal bli gjort tilgjengeleg på Internett. Det vil få fram viktig kunnskap om eigeomsforhold i Kristiansand, kunnskap som har vært utilgjengeleg i over 100 år.

Norsk petroleumshistorie i Statsarkivet i Stavanger

Statsarkivet i Stavanger har eit spesielt ansvar for å dokumentera norsk petroleumshistorie. I 2008 tok vi imot materiale frå Oljedirektoratet, StatoilHydro, Esso og Shell. I tillegg deltar statsarkivet i eit stort tverrfagleg prosjekt saman med Riksantikvaren, Nasjonalbiblioteket og Norsk oljemuseum for å dokumentera Statfjord, det største olje- og gassfeltet i Nordsjøen. Det har i dag over 40 arkiv med relevans for petroleumssektoren frå offentlege og private verksemder.

Statsarkivet arbeider med å etablera eit nasjonalt dokumentsenter for norsk petroleumshistorie som ein del av det planlagde regionale arkivsenteret på Ullandhaug i Stavanger.

Det planlagde arkivsenteret vil innehalda det viktigast skriftlege historiske kjeldematerialet i Rogaland og skal bli ein sentral arena for formidling av Rogalands historie.

Statsarkivet er samordningsinstans i Rogaland for både fotobevaring og privatarkivarbeid. Innanfor desse områda samarbeider vi med ei rekkje arkiv, museum og bibliotek. Fotonettverk Rogaland (<http://ffn.enternett.no/>) har fått støtte frå ABM-utvikling til eit prosjekt om registrering, digitalisering og formidling av foto, der 13 kulturinstitusjonar er med. På privatarkivområdet arbeider vi med å etablera eit regionalt nettverk.

Mangel på magasinplass i Statsarkivet i Bergen

Året 2008 var ikkje blant dei mest aktive sett frå Statsarkivet i Bergen. Statsarkivet har mangla magasinplass i fire år, og har vore nede på eit minimumsmottak. Difor kasserte statsarkivet meir enn det tok i mot i 2008.

Blant dei små avleveringane statsarkivet mottok var ei bok med ”Optegnelser ved Meieriskolen i Østensø” 1892-1893. Dette er det einaste statsarkivet har frå denne skulen. Det har eksistert liknande statlige meieriskuler fleire stader i landet. Dei var aktive i nokre år før og etter 1900. Elles var det 10-årsjubileet for Digitalarkivet som Statsarkivet i Bergen nok kunne gleda seg mest over i 2008.

Samhandling i fokus ved Statsarkivet i Trondheim

Etter at Statsarkivet i Trondheim i 2006 flytta til Arkivsenteret på Dora har samarbeid og samhandling stått i fokus. Formidlingsarbeidet har skutt fart og tatt nye former. I Arkivsenteret si formidlingsgruppe deltok i 2008 i tillegg til statsarkivet: Interkommunalt Arkiv Trøndelag, Byarkivet i Trondheim, Universitetsbiblioteket i Trondheim si Dora-avdeling og fotoprojektet Trondheimsbilder. Nye formidlingstiltak i 2008 omfatta blant anna rettleiing på Arkivsenteret.no om kvar ein finn ymse slags informasjon i arkiva til Arkivsenteret, kunstutstilling i mottakshallen (Trøndelagsutstillinga), tilrettelegging av kjelder for teaterprosjektet ”Dora Devised” og felles omvisningar i institusjonane sine magasin.

Mottak av arkiv skjer kontinuerleg etter langsiktige planer. Ved utgangen av 2008 var den totale arkivbestanden til Statsarkivet i Trondheim 23 725 hyllemeter. I 2008 mottok statsarkivet 90 arkiv på til saman 1255 hyllemeter – derav 39 hyllemeter privatarkiv. Avlevering av arkiv frå NSB i distriktet heilt tilbake til 1864 utgjorde heile 740 av desse hyllemetra. Statsarkivet fekk også inn mange arkiv frå tinglysingsstyresmaktene – 165 hyllemeter grunnbøker frå 11 sorenskrivarkontor som er tatt ut av bruk fordi dei er tilgjengelege på nett.

Samarbeidet i Arkivsenteret går føre seg gjennom grupper med representantar for alle institusjonar i senteret - i 2008 ca 20 grupper. I 2008 hadde Arkivsenteret si leiargruppe 10 møter der saker frå samarbeidsgruppene vart handsama og vedtak fatta – anten på bakgrunn av innspel frå gruppene eller på initiativ frå leiargruppa.

Aktivt og publikumsretta år i Statsarkivet i Tromsø

For Statsarkivet i Tromsø vart 2008 eit aktivt år med omsyn til publikumsretta verksemd. Det meste var knytt opp mot *Mangfaldsåret*. Saman med Samisk Arkiv laga statsarkivet ei

nettutstilling om Kautokeino-opprøret i 1852, basert blant annet på kilder fra rettsoppgjøret, og statsarkivet stilte ut arkivmateriale fra opprøret i lokala sine. I samarbeid med Tromsø International Film Festival arrangerte statsarkivet eit seminar om Kautokeino-opprøret.

Under Forskingsdagane deltok statsarkivet på Forskingstorget og på Arkivas dag vart det halde miniseminar og visning av filmen *La elva leve! – la vidda vere*. I tillegg vart det lagt ut ei lita nettutstilling på statsarkivet si heimeside. Åtte historiestudentar ved Universitetet i Tromsø laga utstillinga *Mangfold på boks?* på statsarkivet som ein del av sin eksamen i 2008. Utstillinga tok føre seg legat i Tromsø frå 1930-tallet, med kilder henta frå statsarkivet. DIS-Troms og Statsarkivet sto saman om Slektsforskardagen. Temaet var utvandring til Amerika.

Fleire store eksternt finansierte ordningsprosjekt vart påbegynt ved Statsarkivet i Tromsø i 2008. Av materiale frå Fylkesmannen i Troms ble 170 hyllemeter ferdig ordna og katalogisert. Arkiv frå Finnmark jordsalgskommisjon - og kontor/ Statskog Finnmark og Noregs Råfiskelag kom ut med rundt 50 hyllemeter kvar. Av større arkiv som vart tilgjengeleggjort for publikum var Statsbygg Nord på i underkant av 100 hyllemeter.



Gatas Parlament opptredde "nesten som Henrik Wergeland ville gjort det" på arrangementet Bråkmakaren Wergeland. Foto: Runhild Seim.

Nøkkeltal 2008

Tilsyn, synfaring og rettleiing

Etter § 7 i arkivlova har Riksarkivaren ”rettleiings- og tilsynsansvar for arkivarbeidet i offentlege organ. Riksarkivaren kan krevje seg førelagt for godkjenning journalsystem, arkivnøklar, arkivinstruksar mm, inspiserer arkiv og gje pålegg som er naudsynte for å oppfylle føresegner gjevne i eller i medhald av lova”.

Institusjon	Varsla tilsyn med statlege arkivskaparar	Varsla tilsyn med kommunale arkivskaparar	Rettleiing av og handsama førespurnader frå statlege arkivskaparar	Rettleiing av og handsama førespurnader frå kommunale arkivskaparar	Godkjende Noark-system
Riksarkivet	0	0	1 009	316	0
Satsarkiva	9	26	1 179	168	0
Sum Arkivverket	9	26	2 188	484	0

Synfaring hjå og rettleiing av private arkivskaparar er ein viktig del av arbeidet for å stimulera til bevaring av privatarkiv. I 2008 vart det gjennomført slike aktivitetar i alle institusjonane. Aktivitetane er størst i Riksarkivet og Statsarkivet i Stavanger. Årsaka til at Stavanger skil seg ut, er det særlege ansvaret statsarkivet har for å dokumentere norsk petroleumshistorie.

Institusjon	Synfaring hjå private arkivskaparar	Rettleiing av private arkivskaparar	Handsama førespurnader frå private arkivskaparar
Riksarkivet	62	46	394
SA Oslo	7	0	0
SA Hamar	8	0	17
SA Kongsberg	0	6	9
SA Kr.sand	8	7	5
SA Stavanger	40	38	134
SA Bergen	0	0	0
SA Trondheim	3	2	79
SA Tromsø	7	14	21
Samisk arkiv	5	2	46
Sum Arkivverket	140	99	705

Avleveringar, deponeringar og magasinkapasitet

Etter § 10 i Arkivlova skal statlege arkiv avleverast til Arkivverket. Også viktige privatarkiv vert avlevert eller deponert til etaten.

Institusjon	Avleverte statlege arkivmateriale	Avleverte og deponerte privatarkiv	Sum avlevert arkivmateriale	Ordnings- etterslep (vanskeleg tilgjengeleg)	Avleveringsetterslep papirarkiv i statsforvaltninga
Riksarkivet	689	111	800	11 651	37 000
SA Oslo	41	19	60	1481	3 200
SA Hamar	285	38	323	140	1 600
SA Kongsberg	401	7	408	3	4 000
SA Kr.sand	148	68	216	414	500
SA Stavanger	474	500	974	250	10 000
SA Bergen	101	1	102	750	5 500
SA Trondheim	1 216	39	1255	350	10 000
SA Tromsø	538	25	563	184	800
Samisk arkiv	-	9	9	162	-
Sum Arkivverket	3 893	817	4 710	15 435	72 600

Ein føresetnad for å ta imot arkiv frå offentlege organ er magasinplass. Som oversikten nedanfor viser, er det stort behov for nye magasin i fleire av Arkivverket sine institusjonar. Plassproblema i Riksarkivet og Statsarkivet i Oslo vert løyst i 2009.

Institusjon	Magasinkapasitet totalt	Magasinkapasitet, ledig	Prosent ledig
Riksarkivet og SA Oslo	119 156	300	0 %
SA Hamar	12 000	1 900	16 %
SA Kongsberg	18 000	5 930	33 %
SA Kr.sand	12 630	1 214	10 %
SA Stavanger	15 500	2 500	16 %
SA Bergen	14 006	300	2 %
SA Trondheim	43 000	3 735	9 % (32 %)*
SA Tromsø	20 000	9 461	47 %
Samisk arkiv	625	241	39 %
Sum Arkivverket	254 917	25 581	10 %

* 10.000 hyllemeter ved Statsarkivet i Trondheim er midlertidig utleidd.


Styring og organisering

Arkivverket sine utfordringar vert skapt i skjerpingspunktet mellom den teknologiske utviklinga, forvaltningsutviklinga og dei forventningar som omgjevnadene våre møter oss med. I ein befolkning med digital kompetanse vert det venta at offentleg informasjon skal være lett tilgjengeleg i digital form og tilpassa behova til brukarane. Det har konsekvensar for organiseringa av Arkivverket.

Organisasjonsstrukturen i Riksarkivet vart endra i 2008. Den nye strukturen er betre tilpassa dei aktuelle utfordringane. Riksarkivet er no delt inn i fem avdelingar på øvste nivå, og tre av desse har underliggende seksjonar. *Bevarings- og tilsynsavdelinga* har ansvaret for kontakt med arkivskapande verksemdar i offentleg og privat sektor. Ho fører tilsyn med arkivarbeidet i offentleg forvaltning og står for bevarings- og kassasjonsvurderingar samt førebuingar til og gjennomføring av avlevering av arkiv til Riksarkivet. *Depotavdelinga* har ansvaret for bevaring, katalogisering, digitalisering og tilgjengeleggjering av arkivmateriale som er avlevert til Riksarkivet. *Publikumsavdelinga* har ansvaret for dei publikumsretta tenestene i Riksarkivet, både saksbehandling av kontakt utanfrå, publikumstenester i Riksarkivet og ulike formidlingstiltak. *Administrasjonsavdelinga* har ansvar for administrative fellesfunksjonar og *IT-avdelinga* for drift og utvikling på sitt felt. Som følge av organisasjonsendringane tilsette Riksarkivaren fleire nye leiarar, både på avdelings- og seksjonsnivå, i 2008.

Økonomi- og risikostyring

Arkivverket har styrka økonomistyringa og intern kontroll i 2008. Økonomifunksjonen vart skilt ut i ein eigen økonomistab direkte under Riksarkivaren, og økonomisjef vart tilsett. I løpet av året vart det også sett i gang risiko- og sårbarheitsanalyse knytt til forvaltninga av arkivmateriale i Riksarkivet.



Originalskøyta der lagmann Henrich Coch 20. januar 1692 skøytt over grunnen sin med brannfri kjellar, på øvre sida av gata på Stranden, til Peder Pedersen og kona hans. Original i Statsarkivet i Bergen, Dokumentsamlinga.


Rekneskap

Tal i heile 1000	Løyving i 2007	Løyving i 2008	Rekneskap 2008	Rekneskap mot løyving	% rekneskap mot løyving
Post 01 Driftsutgifter	205 886	220 900		2 266	0,00
- Løn og overtid			103 655		
- Drift av bygningar			101 220		
- Anna drift			22 918		
Post 01 Meirinntekter og refusjonar			-9 159		
Sum Disponibel Post 01		220 900	218 634		
Post 21/22 Spesielle driftsutgifter	6 558	6 840	8 862	0	0,00
Post 21/22 Meirinntekter		2 022			
Sum Post 21/22		8 862	8 862		
Post 45 Større innkjøp	4 206	5 311	3 234	-2 077	0,61

Personale

2008	Tal på medarbeidarar			Tal på årsverk	Turnover (%)
	Total	Menn	Kvinner	Total	Total
Arkivverket	297	143	154	273	5,9
Riksarkivet	137	73	64	129	0
Statsarkivet i Oslo	13	8	5	10,9	0
Statsarkivet i Hamar	16	6	10	14,8	12,5
Statsarkivet i Kongsberg	17	9	8	17	11,7
Statsarkivet i Kristiansand	14	8	6	11,9	7,1
Statsarkivet i Stavanger	28	11	17	24,3	3,6
Statsarkivet i Bergen	25	8	17	22,9	1,2
Statsarkivet i Trondheim	30	14	16	27,3	0
Statsarkivet i Tromsø	15	5	10	13,7	0
Samisk arkiv	2	1	1	1,08	0

Organisasjonskart 2008



Riksarkivet

Folke Bernadottes vei 21
Postboks 4013 Ullevål Stadion
0806 Oslo
Telefon: 22 02 26 00
Telefaks: 22 23 74 89

Statsarkivet i Oslo

Folke Bernadottes vei 21
Postboks 4015 Ullevål Stadion
0806 Oslo
Telefon: 22 02 26 00
Telefaks: 22 23 74 89

Statsarkivet i Hamar

Lille Strandgate 3
Postboks 533
2304 Hamar
Telefon: 62 55 54 40
Telefaks: 62 52 94 48

Statsarkivet i Kongsberg

Frogsvei 44
3611 Kongsberg
Telefon: 32 86 99 00
Telefaks: 32 86 99 10

Statsarkivet i Kristiansand

Märthas vei 1
4633 Kristiansand
Telefon: 38 14 55 00
Telefaks: 38 14 55 01

Statsarkivet i Stavanger

Bergelandsgt. 30
4012 Stavanger
Telefon: 51 50 12 60
Telefaks: 51 50 12 90

Statsarkivet i Bergen

Årstadveien 22
5009 Bergen
Telefon: 55 96 58 00
Telefaks: 55 96 58 01

Statsarkivet i Trondheim

Maskinistgt. 1
7042 Trondheim
Telefon: 73 88 45 00
Telefaks: 73 88 45 40

Statsarkivet i Tromsø

Brevika
9293 Tromsø
Telefon: 77 64 72 00
Telefaks: 77 64 72 01

Samisk arkiv/Sámi Arkiiva

9520 Kautokeino
Telefon: 78 48 50 11
Telefaks: 78 48 50 42

